



Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 Austrheim  
Att: Hilde Hardang og Thomas Lindås  
Dato: 30.06.2016  
Vår ref: Knut Olav Røssland Nestås

Agnes Mowinckels Gate 5,  
Fylkeshuset, 5008 Bergen  
Postboks 7900,  
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32  
nestas@tryggtrafikk.no  
www.tryggtrafikk.no

## Høyringsinnspel ang. revidering av kommunedelplan for trafikksikring

Trygg Trafikk ønskjer med dette å kome med sitt høyringsinnspel i samband med Austrheim kommune si revidering av kommunedelplan for trafikksikring i perioden 2016-2023.

Austrheim kommune har gjennom planverk og prosjektarbeid med «Trafikksikker kommune» synt gode ambisjonar, vilje og evne til å setje trafikksikring på dagsorden. Det fortener kommunen ros for. Det er element ved kommunedelplanen for trafikksikring som er bra, men det er også delar av planen som etter underteikna sitt skjøn har forbettringspotensial. Særleg med tanke på at «Trafikksikker kommune»-konseptet i stor grad handlar om korleis ein kan gjere trafikktryggleiksarbeidet meir tverrsektorielt og inneha eit breitt perspektiv med tyngde på både fysiske, trafikantretta og organisatoriske tiltak. Kommunen peikar sjølv på at dette er viktig når dei under kap.5.4 Andre tiltak skriv: «(...) tyder på at det ikkje er enkeltpunkt/kryss som er særskilt utsatt. Heller er det trafikantane sjølve som truleg er hovudårsaka til ulykkene. Dette stemmer godt overeins med forskning frå landet elles.»

Slik planutkastet ligg føre, vert planen tung og detaljert på fysiske tiltak og mindre konkret og etterprøvbart på dei reint trafikantretta- og organisatoriske trafikksikringstiltaka. Det er bra at ein er konkret på kva kommunen ønskjer å gjere av fysiske tiltak, men det er ein føremon om planen vert noko styrkja på tiltakssida elles òg. Underteikna vil i hovudsak kommentere dette, men også planen elles slik den ligg føre.

Under 1.3 Samarbeidspartnarar har underteikna to kommentarar. Avsnittet som skildrar Trygg Trafikk sine aktivitetar bør oppdaterast i tråd med nye arbeidsmåtar for organisasjonen. Framlegget mitt er: «*Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikksikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikksikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og utdanningsinstitusjonane.*» I tillegg vil eg påpeike i avsnittet om Hordaland fylkeskommune at det er vegtrafikklova § 40 som seier noko om fylkeskommunalt ansvar for å fremje trafikktryggleik, ikkje veglova.

I samband med kap. 2.1 om Nasjonal transportplan (NTP) vert dei nasjonale måla for reduksjon i tal på drepne og hardt skadde nemnt. Sidan dette er ein plan frå 2016-2023, kan det kanskje vere lurt også å nemne tilstandsmålet for drepne og hardt skadde i 2024. Talet for 2024 er 500 jf. NTP og Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017.

Punkt 2.5.1 omtalar «Trafikksikker kommune». Innleiingsvis i prosjektet vart omgrepet *sertifisering* nytta, men dette er seinare erstatta med *godkjenning*. Derfor ber eg også om at dette vert gjennomgåande endra i planen i samband med m.a. 2.5.1 og 5.4 Andre tiltak.

3.4 Vegsystem gir nyttig og god informasjon om vegane i kommunen og fordelinga mellom fylkesveg og kommunal veg. Kap. 4 er eitt oversiktleg og godt kapittel, der ein finn mykje relevant informasjon om kva ulukker kommunen har hatt, når og kor dei har funne stad, og der også lystilhøve og føretilstand gir eitt supplerande bilde på utfordringane i kommunen. Innspel på fysiske tiltak er ramsa opp i kap. 5, og 5.2 syner til effektar mens 5.3 syner prioriterte tiltak med trafikksikringseffekt som bakteppe. Dette gjer første del av kap. 5 t.o.m. 5.3 interessant og godt.

Underteikna sitt framlegg er at ein ser nærare på korleis 5.4 er bygd opp, og supplerer og gjer noko om på det. Slik det står no er det ein klar ubalanse mellom fysiske tiltak på eine sida og øvrige trafikksikringstiltak elles på andre sida.

Framlegg til ny struktur:

5.4 blir gjort om til «Trafikantretta- og haldningsskapande tiltak». Under her kan ein syne til relevante kampanjar, tiltak gjort av tilsette, foreldreutval, elevar eller andre i kommunen, TSU, lensmannskontor med vidare.

Etter dette vil eg føreslå eit nytt kap. 5.5, kalla «Organisatoriske tiltak». Under det nye kapittelet ville eg synt til kva som skal skje i 2018 med tanke på re-godkjenning av Austrheim kommune som ein «Trafikksikker kommune. T.d. kan ein ha ein eigen undertittel for barnehagane der ein syner til at barnehagane skal jobbe i tråd med kriteria for «Trafikksikker barnehage», og at dette vert lagt til grunn for re-godkjenning i 2018. Kompetanseutvikling for barnehagetilsette er også eit moment som bør inn. Trygg Trafikk har som ambisjon å tilby årlege barnehagekurs, der kommunar som er godkjente eller i prosess for å bli ein «Trafikksikker kommune», vil bli prioritert. Det same kan seiast om skulesektoren, både knytt til at ein skal jobbe med kriteria, så vel som at skulane skal re-godkjennast i 2018. Også her vil det bli tilbod om kurs, som me vonar lærarane deltek på og som kommunen bør ha som tiltak at skulane skal prioritere. Organisatoriske tiltak knytt til teknisk etat, m.a. gjennom rullering av prioriteringslister, kvalitetssikring av reguleringsplanar m.v, er eitt anna viktig tiltak. Kommunen si rolle som arbeidsgjevar bør også omtalast. Det kan eksempelvis vere eitt tiltak å gjere reisepolicy/retningsliner for arbeidsreiser kjent blant tilsette. På denne måten vil det vere mogleg gjennom trafikksikringsplanen å omtale tiltak i ulike sektorar, og definere



kommunen si aktive rolle både som vegeigar, barnehageeigar, skuleeigar, arbeidsgjevar og så vidare. Det kan vere føremålstenleg å ha kompetanseutvikling for tilsette som eige underpunkt for organisatoriske tiltak, der ein eksempelvis seier noko om at kommunen skal leggje til rette for at barnehagetilsette, lærarar og helsesøstrer kan reise på kurs ved høve. Trygg Trafikk kan tilby slike kurs i samband med «Trafikksikker kommune»-konseptet, og kursa vil ikkje ha deltakaravgift eller liknande.

Alternativt kan sjølv sagt ovanståande punkt samlast i eitt samlepunkt som t.d. trafikantretta- og organisatoriske trafikksikringstiltak eller anna. Med ei slik inndeling vil planen få betre balanse mellom tiltakskategoriane og synleggjere det tverrsektorielle arbeidet, samt noko av arbeidet som må gjerast kontinuerleg i arbeidet med «Trafikksikker kommune». Dette er òg viktig som ein del av arbeidet fram mot re-godkjenning i 2018. I samband med organisatoriske tiltak kan det vere ein føremon å gjere det same som ein har gjort i samband med «Trafikksikker kommune» når det kjem til ansvarsfordeling for oppfølging, nemleg å peike ut einingsleiarar og/eller kommunalsjefar for sektorane som ansvarlege.

Ta gjerne kontakt med underteikna for meir informasjon om innspelet eller for vidare dialog om planen.

Med venleg helsing

**Knut Olav R. Nestås**  
Distriktsleiar Hordaland  
Tel: (+47) 41 20 61 32  
E-post: [nestas@tryggtrafikk.no](mailto:nestas@tryggtrafikk.no)

**Trygg Trafikk**  
Agnes Mowinckels Gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)